



## Nyhendebrev nr. 24, 23. juni 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.

**Dette er siste nyhendebrev før sommarferien. God sommar til alle studentar, tilsette og andre som følgjer med på kva som skjer på Høgskulen i Volda.**



### Måsealarm på Høgskulen i Volda

Måsane regjerer på Høgskulen i Volda og har ikkje teke sommarferie. Det er særleg området mellom Hans Strøm-huset, Ivar Aasen-huset og paviljongane dei reknar som måseland. Tilsette har fått råd om å vurdere å gå med paraply. Måsane blir omtalte som eit godt organisert vaktlag som byter på å skremme eller skite bort inntrengande professorar og stipendiatar. Ornitologar kan sikkert berolige med at til hausten er måsane ferdig med å vere redd for reir og ungar, så studentane vil nok få gå i fred. God måse-sommar!

### FoU-prisen 2022 til professor Helga Synnevåg Løvoll

Høgskulestyret i Volda har tildelt FoU-prisen for 2022 til professor Helga Synnevåg Løvoll ved Institutt for idrett og friluftsliv, Avdeling for kulturfag. I tildelinga la høgskulestyret mellom anna vekt på at Helga Synnevåg Løvoll har vore tilsett i mange år ved Avdeling for kulturfag og har gjennom desse åra bidrige til å løfte denne avdelinga innan FoU-området. FoU-prisen vert delt ut i samband med opninga av [Forskningsdagane](#) fredag 23. september 2022

[LES MEIR](#)



## Kunstnaroppfald i Seanse-regi i juni

Studentane har stort sett gjort seg ferdig med studering og lesing og eksamen, men på Kaarstad-huset betyr det at kunstnarane flyttar inn. Seanse har opna opp att for kunstnaroppfald. Og tilreisande kunstnarar frå inn- og utland har teke i bruk både huset og skogen rundt i utvikling og framføring av mangfaldige kunstprosjekt.

[LES MEIR](#)

[LES MEIR](#)



## Sommarhelsing frå rektor: Året vi la koronaen bak oss?

Vi har heldigvis gått frå drop-in vaksiner og korona-meter til at koronaen har droppa ut og meteren tenkjer vi ikkje lenger på. Men det er også mykje anna som har skjedd - og skjer på Høgskulen i Volda i studieåret 2021-2022. Les helsinga på sommaravslutninga 21. juni 2022.

[LES MEIR](#)

## Studium og studentliv:

### Program for opningsdagen tysdag 16. august

Vi har i 2022 skunda fram studiestarten til klokka 11.00, slik at det skal verte litt betre tid til studieprogramma og avdelingane å gjennomføre dei studieprogramvise oppstartane. Per no ser programmet for studiestartdagen slik ut:

11.00: Ofisiell opning, bak Berte Kanutte-huset

11.45: Fadderveka: Fadrane samlar sine fadderbarn, og tar dei med til dei studieprogramvise

oppstartane.

12.30: Studieprogramvise oppstartar.

Etter avtale med fadrane, men seinast 15.00: Fadrane kjem og henter dei nye studentane, fadderveka tek til.

[På den faste nettsida er det informasjon om studiestart.](#)

## **Opptak og opptaksmøte i juli: Søkarane får svar 20. juli**

Høgskulen i Volda vil midt i juli avgjere kven som får tilbod om studieplass. Andre prøveopptak går onsdag 13. juli og avdelingane vil få tilsendt resultata av prøveopptaket så snart det er klart, truleg på ettermiddagen 13. juli. Opptaksmøta med avdelingane og Studieadministarsjonen blir etter planen gjennomført for alle avdelingar på ettermiddagen torsdag 14. juli. Hovudopptaket blir køyrt 15. juli. Søkarane får svar på søknaden 20. juli, med svarfrist 24. juli.

## **Studentane misser treningsrommet: Stengt på grunn av brannomsyn**

Treningsrommet som studentidrettslaget VSI har nytta på Idrettsbygget har ikkje godkjent rømmingsveg i tilfelle brann. Dette har kome fram i ei vurdering frå NORCONSULT, og Statsbygg har difor stengt treningsrommet. [Treningsrommet ligg i toppetasjen i Idrettsbygget](#). Idrettsbygget skal byggast om i samband med at symjehallen skal rivast, og ny rømmingsvei for treningsrommet har ikkje vore ein del av planane så langt. Høgskulen vil ha dialog med VSI om alternative løysingar til hausten. I same huset er det også eit treningsrom for tilsette. Også her er det manglar ved rømmingsvegane. Egedomsavdelinga på HVO og Statsbygg jobbar med å løyse dette og håpar at treningsrommet er ope frå skulestart.

## **Kantina sommarstenger 24. juni**

Kantina har sin siste opningsdag før ferien fredag 24. juni og opnar igjen 8. august.

## **Biblioteket i sommar: Sommaropning 13.6.-21.8.**

Frå 13. juni til og med 21. august har biblioteket kortare bemanna opningstider, og på grunn av ferieavvikling er også nokre veker med meirope og ubemanna bibliotek. Siste frist for å bestille lån og kopiar frå andre bibliotek er torsdag 30. juni. Frå 8. august er det igjen ope for bestillingar.

Biblioteket vil som vanleg vere meirope måndag–søndag med tilgang med studentkort/tilsettkort 07:00–24:00.

Veve 24–27 (13. juni–10. juli): Bemanna skranke: Måndag–fredag 10:00–14:00 Merk! Tysdag 21. juni er biblioteket meirope heile dagen

Veve 28–31 (11. juli–7. august): Meirope bibliotek, tilgang med kort

Veve 32 (8. –14. august): Bemanna skranke: Måndag–fredag 10:00–14:00

Veve 33 (15. –21. august): Bemanna skranke: Måndag–onsdag og fredag: 09:00–15:00 og torsdag 10:00–15:00

## Fag og forsking

### Andre Folkestad er nominert til Amanda for beste dokumentarfilm

Dokumentarfilmen "Vær her" er [ein av tre filmar nominert til filmprisen Amanda i klassen for beste dokumentarfilm](#). [Førstelektor Andre Folkestad](#), AMF, er hovudprodusent på filmen. Her er dei sentrale personane bak filmen: Regi: Ragnhild Nøst Bergem, Co-regi: Erlend E. Mo, Prod.: André Folkestad og Camilla Vanebo. Vinnaren blir kåra på Festiviteten på Den norske filmfestivalen i Haugesund laurdag 20. august. [Filmen har tidlegare vorte omtala på nettsidene våre](#). Filmen har også fått [god omtale i bransjetidsskriftet Rushprint](#). Om du vil sjå [klipp frå filmen så er det lenke til traileren på Youtube](#).



## **NAFOL går til filmen: HVO har hatt 7 deltakarar**

Forskarskulen NAFOL (Nasjonal forskarskule for lærarutdanning) har fått laga ein [informasjonsfilm om seg og si verksemd i åra 2010-2022](#). Filmen varer eit kvarters tid og fortel om kvifor NAFOL vart oppretta og kva internasjonalt nettverk den har vorte ein del av. Det er fleire Volda-ph.d.-stipendiatar som har delteke i fleire av NAFOLs 10 kull av ph.d.-studentar, og i alle fall desse har vi fått med oss:

- Førsteamanuensis Pernille Fiskerstrand, AHL (Kull 2 - 2011-2014)
- Førsteamanuensis Torhild Høydalsvik, AHL (Kull 5 - 2014-2017)
- Førstelektor Elizabeth Oltedal, AKF (Kull 6 - 2015-2018)
- Førsteamanuensis Hjalmar Eiksund, AHL (Kull 7 - 2016-2019)
- Stipendiat Marianne Hareide Andreasen (Kull 8 - 2017-2020)
- Førsteamanuensis Kim-Daniel Vattøy, AHL (Kull 9 - 2018-2021)
- Stipendiat Julia Melnikova, AHL (Kull 10 - 2019-2022)

I tillegg har også førsteamanuensis Oda Heidi Bolstad, AHL, delteke i NAFOL som tilsett på HVL i kull 8: 2017-2020. [Her er oversyn over alle NAFOL-deltakarane.](#)

## **Konferanselivet livnar til att etter korona**

Mange høgskuletilsette har delteke på konferansar - mange for første gong etter at pandemien braut ut. [Fjordkonferansen 2022 vart arrangert i Loen](#) med 140 deltagarar frå Høgskulen i Volda, Høgskolen i Molde, NTNU i Ålesund og Høgskulen på Vestlandet. Fleire tilsett på Avdeling for samfunnsfag og historie har vore på ein [internasjonal konferanse i København](#) med tittelen "The 4th Street-level bureaucracy conference".

## **Nytt om HVO-tilsette**

Rådgivar Septina Selma Einarsdottir går inn som internasjonal koordinator på AHL.

Førsteamanuensis Ivar John Erdal går inn som ny leiar for institutt for film og animasjon på AMF. Han avløyer høgskulelektor Dag Roland.

Høgskulelektor Jens Standal Groven held fram som instituttleiar på PR og kommunikasjon på AMF.

Høgskulelektor Ellen S. Aarseth er ny instituttleiar på Institutt for sosialfag.

Høgskulelektor Harald J. Krøvel er ny instituttleiar på Historisk institutt.

Høgskulelektor Ingvild Sande Lillebø held fram som instituttleiar ved IPAS (Institutt for planlegging, administrasjon og skuleretta samfunnsfag) på ASH.

# Styre og stell:



## Fylkestinget: "Aasenkvartalet er eit flott døme på by- og tettstadutvikling"

Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok samråystes å gå vidare med samarbeid om Aasenkvartalet. Dei som tok ordet i saka tykte prosjektet var spennande og viktig:

**Marit Nerås Krogsæter (SP):** Dette er eit utruleg flott prosjekt med samarbeid mellom næringsaktørar og kommune. Dette er eit godt døme på lokale initiativ der fylkeskommunen må bli ein aktiv medspelar. Det er spennande at ein har så mange ulike moglege retningar på prosjektet. Dette skal bli eit kompetansesenter med mange utdanningar. Vi kan sjå føre oss at fylkeskommunalt tilsette kan jobbe frå Volda. Dette er eit område som er i rivande utvikling og vil opne for nye næringsaktørar. Vi ser at Høgskulen utviklar seg og Volda Campus Arena har også kome i same området.

**Pål Farstad (V):** Saka fortener merksemrd frå fylkestinget. Vi har sett i andre delar av fylket kva fylkeskommunalt engasjement kan bety, kanskje særleg i Kristiansund: Campus Kristiansund og kulturhuset Normoria. Aasenkvartalet veit vi ikkje så mykje om enno, men vi har fått skisser. Eg vil signalisere sterkt og utvetydig støtte til slike prosjekt som gir mening for fylkeskommunen si rolle som utviklingsaktør.

**Jan Ove Tryggestad (SP):** Det vi ser i Volda er kanskje eit av dei flottaste døma i Møre og Romsdal på by- og tettstadutvikling. Det er eit massivt engasjement frå stat, kommune og fylke, i kombinasjon med privat næringsliv. Parallelt med at infrastruktur blir bygd ut. Kvivsvegen har bidratt til ei voldsom utvikling. No kjem også Voldatunnelen som koplar saman Volda og Ytre Søre med flyplass og sjukehus. Her bygger vi lokalsamfunn og ein ny bystruktur på Søre Sunnmøre. Dette er positivt for Sunnmøre.

[Dei som ønsker å sjå og høyre innlegga på fylkestinget kan spole seg fram til ca. 1:31 inne i denne videosendinga.](#)

### **Vedtaket til fylkestinget om Aasenkvartalet**

Fylkestinget gjorde samråystes vedtak i saka, og vedtaket var i tråd med Fylkeskommunedirektøren si innstilling til fylkesutvalet og til fylkestinget:

1. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren gå i dialog med Volda Utvikling AS og Volda kommune om eit mogleg samarbeid i høve til saksframlegget for å realisere Aasenkvartalet.
2. Fylkestinget ber om at det deretter vert lagt fram ei eiga sak om korleis eit slikt samarbeid kan løysast.

[Lenke til sakspapira.](#)

### **Fylkestinget løyvde midlar til utvikling av lærarutdanning i Kristiansund.**

Fylkestinget har vedtatt å løyve midlar til planlegging av nye studietilbod og fagskuletilbod ved Campus Kristiansund. Her er vedtaket:

"Møre og Romsdal fylkeskommune løyver 3 mill. kroner til ei 3-årig prosjektstilling med oppdrag å samarbeide med utdanningsmiljøa for å få opp tre nye, unike og økonomisk berekraftige utdanninger innan Campus Kristiansund opnar i 2024. Prosjektet skal bidra til å sikre statleg studieplassfinansiering, etablere strukturert samhandling og forpliktande avtalar med arbeids- og næringslivet, og marknadsføre utdanningane."

Høgskulen i Volda fekk positiv omtale frå fleire talarar som var glade for samarbeidet som no er inndeia med Campus Kristiansund, Møre og Romsdal Fylkeskommune, Kristiansund kommune og andre aktørar for å undersøke om det er mogleg å etablere lærarutdanningar i Kristiansund i regi av Høgskulen i Volda. Det er PPU og GLU som kan vere aktuelt.

[Dei som ønsker å sjå og høyre fylkestingshandsaminga av saka kan gå inn på ca. 3:07 i denne videosendinga frå fylkestingsmøtet.](#)

Høgskulen i Volda har for eigen del også søkt HK Dir om midlar til planlegging av dei same studietilboda frå ein pott på ca. 140 millionar kroner til desentraliserte studietilbod. [I følge nettavisen K chrono har det kome inn søknader på i alt ca. 700 millionar kroner frå denne ordninga.](#)

### **Styremøtet 16. juni: Høgskulen held fram med valt rektor**

På møtet i høgskulestyret vart det med 6 mot 5 røyster vedtatt at [Høgskulen i Volda skal halde fram med leiingsmodellen med valt rektor](#). Det betyr også at fast stilling som høgskuledirektør blir lyst ut så snart som råd.

# Forskningsmidlar, forskningsaktivitetar og fristar:

## Lyser ut midlar til utanlandsopphald: Søknadsfrist 15. august

Stipendiatar og fagleg tilsette ved HVO kan søkje om støtte til utanlandsopphald. Føremålet er å medverke til auka mobilitet, stimulere til internasjonalt forskingssamarbeid, nettverksbygging i utlandet og internasjonal erfaring. Støtta skal brukast til å dekke dokumenterte meirkostnadar ved forskningsopphald i utlandet, primært utgifter til reise og bustad. Det kan vere høve til å søkje om støtte til å ta med familien på utanlandsopphald. [Les meir om ordninga på nettsidene våre.](#)

# Publisering og formidling

## Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

## Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

## Ellen Strøm Synnevåg har publisert i tidsskriftet "Societies"

Førsteamanuensis Ellen Strøm Synnevåg, ASH, har publisert ein artikkel i tidsskriftet Societies. Tittelen er: ["Evaluating 'Health in All Policies' in Norwegian Municipalities"](#). Artikkelen inngår i eit spesialnummer om kommunar si rolle i helsefremjande arbeid.

## Arve Fiskerstrand har publisert i tidsskriftet "Educational Research Review"

Høgskulektor Arve Fiskerstrand, AHL, har publisert artikkelen ["Literature review - Parent involvement](#)

[and mathematic outcome](#)" i tidsskriftet Educational Research Review som vert gitt av forlaget Elsevier og er eit internasjonalt anerkjent tidsskrift på nivå 2.

### **Kristin Røvik i Fontene.no: "Når fengselssoningen styres av markedslogikker"**

[Stipendiat Kristin Røvik](#) har publisert artikkelen "Når fengselssoningen styres av markedslogikker". Der spør ho: "Går evidensbasert praksis og mål- og resultatstyring på bekostning av fengselsbetjentens mulighet til å være en profesjonell i straffegjennomføringen til den domfelte, og hvilke konsekvenser kan dette få for rehabiliteringsprosessen?" [Les artikkelen her.](#)

### **Ryslett og Håberg om mat i barnehagen**

Høgskulektor Kari Ryslett og førsteamanuensis Liv Ingrid Aske Håberg har gjennomført den tverrfaglege studien «Praksis og ideal i barnehagens kvardagsliv», og gjennom bruk av fokusgruppeintervju undersøkte dei tema om mat og måltid, og læring og leik i barnehagen. Den andre artikkel i studien «Matomsyn i barnehagemåltidet i eit berekraftig folkehelseperspektiv» vart [publisert i Fjordantologien 2022.](#)

### **Randi Bergem: Innlegg på jubileumskonferanse om folkehelselova**

[Dekan/dosent Randi Bergem](#), ASH, har halde innlegg på jubileumskonferansen i samband med at folkehelselova er 10 år. Helsedirektoratet arrangerte konferansen 10. juni 2022. Tittelen på Bergem sitt innlegg var "Utviklinga i lokalt og regionalt folkehelsearbeid i perioden 2012-2022".

### **Ane Bergseth Mandal: "La læraren få vere lærar - ikkje sosialabeidar!"**

[Høgskulektor Ane Bergseth Mandal](#), ASH/ISF, har saman med tre NTNU-tilsette skrive kronikken '[La læreren få være lærer, ikke sosialarbeider!](#)' Kronikken er publisert i forskersonen.no.

## **Ledige stillingar**

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

### **Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i norsk/norskdidaktikk - søknadsfrist 28. juni 2022**

Ved Høgskulen i Volda, avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, Institutt for språk og litteratur, er det ledig ei mellombels stilling som førsteamanuensis/-førstelektor/høgskulelektor i norsk/norskdidaktikk frå 1.8. 2022 til 31.7.2023. Bakgrunnen for stillingsutlysinga er at fleire tilsette har permisjonar for å arbeide med forsking.

Stillinga er knytt til institutt for språk og litteratur, seksjon for norsk i lærarutdanningane. Seksjonen tilbyr norskfaglege emne i grunnskule- og barnehagelærarutdanning og i praktisk-pedagogisk utdanning. I dei femårige grunnskulelærarutdanningane har vi mastertilbod i norsk både innanfor grunnskulelærarutdanning 1-7 og 5-10. Vi tilbyr også årsstudium i norsk språk og samfunnskunnskap for internasjonale studentar. Instituttet tilbyr også årsstudium og fordjupingsstudium i nordisk språk og litteratur og ein mastergrad i skriftkultur, årsstudium i engelsk, og etter- og vidareutdanningstilbod i norsk og engelsk. Vi samarbeider med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, som held til ved same avdeling.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

### **Førsteamanuensis/førstelektor/høgskulelektor i digital kompetanse - søknadsfrist 1. september 2022**

Ved Høgskulen i Volda, Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, er det ledig ei fast stilling som førsteamanuensis/førstelektor/-høgskulelektor i digital kompetanse frå 1.1.2023. Stillinga er knytt til Institutt for digital kompetanse der 7 tilsette mellom anna underviser i nettstudium i digital kompetanse, i grunnskulelærarutdanninga samt har stor aktivitet knytt til desentralisert kompetanseutvikling i regionen (DEKOMP/REKOMP). Instituttet får også etterutdanningsoppdrag og vi forskar på og driv interne høgskulepedagogiske tilbod knytt til digital kompetanse.

[Les meir om stillinga og send søknad på nettsida vår.](#)

## **Møte, seminar og anna på HVO:**

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

### **Faglege arrangement på og ved HVO:**

### **Hausten 2022:**

10.-11.8.2022: Seminar for rektors leiargruppe: Studiekvalitet, Loen  
16.8.2022: [Studiestart studieåret 2022-2023](#)  
4.-10.9.2022: [Kammermusikkfestivalen](#)  
9.9.2022: [Disputas Synnøve H. Amdam](#), UiO  
23.-27.9.2022: [Forskningsdagane 2022](#)  
29.9.-2.10.2022: [Animation Volda 2022](#)  
24.-26.10.2022: [Øyralangs](#)  
1.11.-2.11.2022: [Utdanningsdagane 2022](#)  
16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset  
18.11.2022: Avdelingsseminar ASH

## Våren 2023:

19.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO  
8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)  
8.3.2023: Samskapings- og innovasjonskonferanse, HVO  
9.3.2023: [Høgskulestyret](#)  
3.-4.5.2023: Styreseminar og [Høgskulestyret](#)  
15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

## Faste lenker:

**LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**  
<https://www.hivolda.no/stilling>

## REKTORBLOGGEN

21.6.2022: [Sommarhelsing frå rektor](#)  
15.6.2022: [Orientering til høgskulestyret på møtet 16. juni](#)  
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

## **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-bloggar](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpende oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

## **STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:**

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

## **Høgskulen i Volda**

Tlf: [70075000](#)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)